



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 30.12.2011

Vår ref.: 2011/8685

Arkivnr.: 734.3

Helse- og omsorgsdepartement
Postboks 8011 Dep
0030 OSLO

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 56 88 11

E: postmottak@fmro.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Høringsfråsegn - NOU 2011:9 "Økt selvbestemmelse og rettssikkerhet"

Generelt

Fylkesmannen i Rogaland ser positivt på at det kom en NOU som på ein udelt måte tar føre seg rammene for bruk av tvang i det psykiske helsevernet. Vi ser på rapporten som ein god start for å auke medvitet om mange dilemma som gjeld både fag og rettstryggleik på dette viktige feltet. I denne fråsegnen vil vi bare peike på dei punkta der vi ser behov for å kommentere uklare punkt, eller der vi tenker det er behov presisering.

Om avgjerdskompetanse ("beslutningskompetanse")

Fylkesmannen i Rogaland meiner at avgjerdskompetanse er eit betre og meir dekkjande ord enn samtykkekompetanse og støtter forslaget om å nytte dette i helselovgjevinga. Vi forstår det slik at dersom en person med forstyrra røyndomsoppfatning og redusert fungering (psykose), men som ikkje er farleg, sjølv skjønar at grunnlaget for tilbakehald i sjukehuset, er ønsket om å korrigere (behandle) forstyrringa, så vil han også kunne ha *avgjerdskompetanse* for den aktuelle situasjonen, trass i at han fungerer så dårlig at han kan vere ute av stand til å ta vare på seg sjølv. Konsekvensen blir at helsepersonell i slike tilfelle ikkje kan gripe inn med sitt tradisjonelle verkemiddel, tvangsinnlegging. Dersom pasienten har pårørande, vil desse likevel kunne klage til tilsynsmyndigheita dersom pasienten lider overlast. Tilsynsmyndigheita skal da vurdere om personen får forsvarleg hjelp utan tvangsinnlegging. Dette er ei utfordring som Fylkesmannen er innstilt på å ta.

Om behandlingstvilkåret

Behandlingstvilkåret for etablering av tvungent psykisk helsevern er problematisk, slik utvalet skisserer, men Fylkesmannen er samd i at det bør bli vidareført, med atterhald om at personar med avgjerdskompetanse ikkje kan bli undergitt slikt tvungent vern.

Vilkår for tvangsbehandling

Vi har studert forslaget til lovtekst i ny § 5-4 om vilkår for tvangsbehandling særskilt nøye, ettersom Fylkesmannen har lang erfaring som klageinstans for slike vedtak. Vi meiner den nye teksten fører med seg ei tydeleg betring med klarare formuleringar av vilkåra, samanlikna men den gamle lovteksta. Ei særleg forbetring ser vi i punkt 8, der det står kva som skal bli lagt vekt på, og punkt 9 om førehandserklæringar. Vi er samde i at desse punkta ikkje skal gjelde for pasientar undergitt vern etter ny § 4-3 (farekriteriet).

Vi foreslår å endre formuleringa i nest siste avsnitt i § 5-4: *Det kan bare benyttes preparater som er registrert her i landet og med vanlig brukte doser slik: Det kan bare benyttes preparat innanfor de bruksområder (indikasjonar) og doseområder som er godkjent i Norge.* Hensikt med dette er å unngå det Fylkesmannen som klageinstans mange gonger har erfart: at personar, til dømes med ustabil bipolar lidning eller er heilt utan diagnose, blir gitt legemiddel som bare er godkjent for vedlikehaldsbehandling av schizofreni. Dette meiner vi at er vanskelig å forsvare, gitt dei krava som bør gjelde for forsvarleg tvangsbruk.

Om vedtak om tvangsbehandling

Vi har sett nærare på forslaget til ny § 5-5 om vedtak om tvangsbehandling. Her er det ei oppskrift som seier at den vedtaksansvarlege skal skrive si vurdering av vilkåra jf § 5-4. Dette meiner vi er viktig for at pasienten skal forstå vedtaket og for at overprøvinga skal bli enkel og rett.

Utvidinga av undersøkingstida til 6 døgn er også ei nødvendig endring. I desse situasjonane er det viktig med tid til observasjon og undersøking for å kunne sette rett diagnose, samt å skape ein allianse/relasjon med den sjuke. Under same tema vil vi nemne at vi støtter forslaget om at det ved oppstart av legemiddelbehandling, ikkje bør gis depotinjeksjonar, som jo ikkje kan reverserast, dersom ei eventuell klage endar med at vedtaket blir opphevd.

Vi har eit tilleggsforslag om at tvangsbehandling ikkje bør bli sett i verk før spørsmålet om tvungent vern er avgjort i klageinstansen.

Om bruk av tvangsmiddel

Vi ønskjer velkommen eit forbod mot bruk av isolat, slik det er foreslått. Vi meiner at bruk av dei andre tvangsmidla er tilstrekkeleg for å hindre skade.

Om overprøving av vedtak

Fylkesmannen støttar forslaget om å opprette eit domstolsliknande organ som kan overprøve alle vedtak fatta etter psykisk helsevernloven. Dette vil føre til at Fylkesmannen ikkje lenger overprøver vedtak om tvangsmedisinering, men handsamar klager på gjennomføring av tvangsmedisineringa.


Om tilsynsmyndigheita si rolle

Vi meiner det er behov for at tilsynsmyndigheita får ei sterkare tilsynsrolle med gjennomføring av tvangsvedtak etter psykisk helsevernlova, og at Fylkesmannen kan ha ei sentral rolle i å definere krava til faglig forsvarleg gjennomføring av tvang .

Med helsing


Pål Iden

fylkeslege/avdelingsdirektør


Morten Hellang

assisterande fylkeslege

Saksbehandlar: Morten Hellang
Saksbehandlar telefon: 51 56 87 53
E-post: morten.hellang@fmro.no